

Mottatt HV RHF

Sak nr. 03/31

20 NOV 2006

KOPI

Helse Vest RHF v/styreleder Oddvar Nilsen  
Postboks 303  
Forus  
4066 Stavanger

15.11.06

"Aksjonsgruppa for eit godt helsetilbud i Sogn og Fjordane" ynskjer eit møte med styret for Helse Vest.

Vi er orientert om møte i Helse Vest torsdag 14.desember 2006, og vi håpar at det skal være mogeleg å presentere vår sak ovarfor styret på det møtet. Vi er ein delegasjon på 5 personar, og lover å være kortfatta og presis ved framføring av saka vår.

Vi håpar på positiv tilbakemelding.

Med vennleg helsing  
Aksjonsgruppa for eit godt helsetilbod i Sogn og Fjordane.

Vera O. Larsen

Vera Larsen  
Leiar for Gruppa  
Tlf 48119004/ E-post: Gyngehesten@senswave.com

P.S. Kopi Av brevet vert send på e-post til  
Styreleiar Oddvar Nilsen. DS

Til Statsråd Sylvia Brustad  
Stortingsrepresentantar frå Sogn og Fjordane  
Fylkestingspolitikarar  
Fylkesordførar Nils R. Sandal  
Partileiarar  
Ordførarar

Ope brev:

## KVA HELSETILBOD SKAL VI HA I SOGN OG FJORDANE?

**"Aksjonsgruppa for eit godt helsetilbod i Sogn og Fjordane"** meiner at folk i Sogn og Fjordane må stå samla bak kravet om eit godt helsetilbod i fylket og eit sterkt sentralsjukehus!  
Vi krev at helseminister, stortingspolitikarar, fylkespolitikarar og kommunepolitikarar i Sogn og Fjordane legg press på regjering og storting om at det blir sett av meir midlar til helseføretaka!

Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane må ha alle dei spesialitetar som eit sentralsjukehus skal ha. Tek ein vekk ein spesialitet, vil det ikkje lenger vere eit fullverdig sentralsjukehus. Dette vil m.a. føre til at mange fleire pasientar må reise ut av fylket for behandling.

Eit sterkt og fullverdig sentralsjukehus er viktig av mange grunnar:

### **Kampen om kompetansen:**

Eit fullverdig sentralsjukehus kan behandle dei aller fleste sjukdommar og skader, og må ha eit sterkt fagmiljø i alle funksjonane på sjukehuset. Fagmiljøet må vere så stort at folk finn det attraktivt å arbeide der, og dermed blir buande i fylket.  
Vi må sikre spisskompetansen på alle fagfelt. Vi må alle vere med å kjempe for å behalde spesialistfunksjonane og for å behalde kompetansen i eige fylke. Det kjem alle innbyggjarane til gode.

### **Kven skal få redusert tilbod? Barn, eldre, kronisk sjuke?**

Som viktige funksjonar på eit sentralsjukehus kan nemnast: Øyre-nase-hals, dialyse, kreftavdeling, patologi, röntgen/MR/CT/mammografi, laboratorium, fødeavdeling, gynekologi, medisin, fysikalsk medisin, slag-eining, geriatri (alderdomssjukdomar), revmatologi, barneavdeling, hudavdeling, kirurgi, augeavdeling og nevrologi. Vi har ikkje ein einaste funksjon å miste! Kutt i funksjonar, slik som det blir gjort i dag, vil gå ut over folk i alle aldersgrupper, men særleg vil barn, eldre og kronisk sjuke merke nedskjerdingane.

## **Utdanningsinstitusjon:**

Eit sterkt sentralsjukehus er viktig for å halde fram med å vere ein utdanningsinstitusjon, der vi har praksisplassar både for turnuslegar og sjukepleiestudentar.

Om lag halvparten av dei som er overlegar i Helse Førde, har vore ved sjukehuset som turnuskandidatar eller assistentlegar.

Dersom vi misser sentralsjukehusfunksjonar, vil vi ikkje kunne halde fram med sjukepleieutdanning i Sogn og Fjordane. Dette fordi innhald og krav til praksis er lovpålagt gjennom føreskrifter.

Vi må ikkje slå beina under sjukepleieutdanninga og spesialsjukepleieutdanninga i fylket vårt.

At vi har desse praksisplassane tilgjengeleg i fylket, vil i neste omgang vere med på å sikre rekruttering til stillingar i kommunehelsetenesta i heile fylket.

## **Kommunehelsetenesta:**


Eit sterkt fagmiljø på avdelingane på sentralsjukehuset styrker kommunehelsetenesta ved å vere ein spesialistinstitusjon med fagkompetanse nær primærlegane.

Dette fører til at terskelen for komunelegane vil vere låg for å ta kontakt for rådføring ved t.d. tvil i behandling av pasientar.

**Vi fortener eit like godt tilbod som andre fylke, og dette må både politikarar og folk elles i Sogn og Fjordane kjempe for!**


Med helsing


"Aksjonsgruppa for eit godt helsetilbod i Sogn og Fjordane"


  
Ingrid Astor, Høyanger


  
Hilde Yndestad Halland, Jølster


  
Remi Maria Rodrigues Lunde, Askvoll

  
Therese Myklebust, Gaula


  
Vera Larsen, Førde

  
Heidi Hjelmeland, Førde

  
Kari Viken, Førde

  
Oddhild Løbø


Oddhild Løbø, Vadheim

  
Anita Eide Kvamme


Anita Eide Kvamme, Gaula

  
Tore Hillersøy


Tore Hillersøy, Askvoll

  
Henny Myklebust

Henny Myklebust, Fjaler

  
Grethe Hellerslien Kalland

Grethe Hellerslien Kalland, Naustdal

  
Reidun Fatnes Ringstad

Reidun Fatnes Ringstad, Førde